

Forskrift om spreining av gjødselvarer mv., Sunnfjord kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Sunnfjord kommunestyre 25.03.2021 med heimel i forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23 tredje ledd og fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å regulere spreining av gjødselvarer av organisk opphav ut i frå lokale vêr- og veksttilhøve, og med omsyn til miljøforsvarleg forvaltning av jordsmonnet og fare for forureining av vassdraga.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta omfattar gjødselvarer av organisk opphav, her under husdyrgjødsel og silopressaft, jf. forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 2 første ledd, som skal spreiest i Sunnfjord kommune.

§ 3. Spreiereglar

Spreining av gjødselvarer av organisk opphav utan nedmolding/nedfelling er tillate i perioden 15. februar til 1. oktober. Det er ikkje på noko tidspunkt tillate å spreie på snødekt eller frosen mark.

Ved all spreining etter 1. september skal det vere att ei sone som ikkje vert gjødsla på minimum 6 meter mot sjø, vann, elver, bekkar, kanalar og opne kummer.

I område med alvorleg forureining eller fare for alvorleg forureining er det forbode med all spreining etter 1. september, med og utan nedmolding/nedfelling.

§ 4. Delegering

Kommunedirektøren har delegert mynde til å gjere vedtak etter denne forskrifta.

§ 5. Klage

Vedtak gjort av kommunen etter denne forskrifta kan klagast på til Fylkesmannen.

§ 6. Ikraftsetting

Denne forskrifta trer i kraft 01.04.2021.